

Fv. 55 Høyheimsvik-Nes

Presentasjon planforslag, oktober 2025



Otto Eikeset, planleggingsleiar INV

Fv. 55 Høyheimsvik-Nes



Fv. 55 Høyheimsvik-Nes

Tidlegare planarbeid på strekninga

- **Statens vegvesen, Forprosjekt fv.55 Sognefjellet-Vadheim (2012)**
- **Vestland fylkeskommune, Forprosjekt Høyheimsvik-Nes (2020)**

Bakgrunn og behov

Fylkesvegen mellom Nes og Høyheimsvik har variabel standard, men er tidvis *spesielt smal* og har *krapp kurvatur*. Det er stadvis veldig *dårlege siktforhold*, *busetnad* heilt inn mot vegen og fleire *avkøyrslar* og *busslommer med uheldig utforming*. Fleire *vegmurar* på strekninga er i ferd med å rase ut og vegen er dårleg fundamentert på jordmassar.

Pga. mykje turisme (Nasjonal turistveg Sognefjellet m.m) er spesielt *sommartrafikken* er ei stor utfordring i dette området. Trafikken kan til tider stogge heilt opp på strekninga.

Det skal utarbeidast og vedtakast ein **reguleringsplan** for strekninga som grunnlag for framtidig utbygging av vegparsellen.

Arbeidet med reguleringsplanen vart starta hausten 2022.

Sogn Avis

ANNONSE

LUSTER POLITIKK VEG TRAFIKK

– Her må vegen utvidast, så raskt som råd



Det hopa seg opp ved Høyheimsvik. Politiet måtte koma og dirigera trafikken. Foto: Solfrid Høyheim

Av Sigrid Nese Thue og Nils Kristian Lunde

Publisert:
04.07.25 05:30

Torsdag var det trafikk-kaos i Høyheimsvik. Ordføraren kan ikkje lova rask bet

For abonnentar

– Dette er vegen som skal utvidast, men som er utsett, seier Solfrid Høyheim lettare oppgjeven.

– Eg har aldri sett det slik som i dag. Politiet måtte koma og dirigera.

Hovudmål for reguleringsplanen

- Det skal utarbeidast ein reguleringsplan som skal sikre eit godt grunnlag for utbygging av strekninga.
- Utbetringa av fylkesveg 55 skal sikre framkomme for gjennomgangstrafikk, næringstrafikk og lokalbefolkninga
- Utbetringa skal leggja til rette for at det ikkje skal oppstå ulykker med drepne eller hardt skadde på strekninga (0-visjonen).
- Utbetringa skal sikre «gode nok» løysingar (utbetringsstandard) for å oppnå «meir veg for pengane», sikre verdiane i område utan å gå på akkord med trafikktryggleik
- Planområdet må vere stort noko slik at det vert sikra tilstrekkeleg areal til anlegg og rigg, mellombelse deponi, anleggsvegar, mellombelse vegar for trafikkavvikling m.m.
- Anleggsarbeidet må kunne gjennomførast utan lengre stengingar av vegen (dagar)
- Gjennom planlegginga skal ein legge til rette for at tredjepart og ytre miljø ikkje skal verte skadelidande under utbygginga av prosjektet.

Viktige element å hensynta i reguleringsplanen

Vi byggjer ny fylkesveg opp att på eksisterande veg. Dette krev særskilde vurderingar knytta til **anleggsgjennomføring**.

Planområdet må være stort nok å kunne etablere anleggsvegar, sikre trafikkavvikling, tilkomst for grunneigarar samt plass for å etablere murar og lagre massar, maskiner, utstyr m.m. både langs linja og i mellombelse deponi. Plassering av rigg- og lagringsområde skal avklarast som del av planarbeidet.

Det må vurderast konsekvensar tiltaket vil kunne få for **ytre miljø**, og korleis ein skal minimere negative konsekvensar.

Eksisterande veg går gjennom eit viktig **kulturlandskap** med mange **kulturminne** og vegen er nasjonal turistveg, dette er noko vi må ta omsyn til. Fylkesvegen skal verte «**god nok**» utan for store landskapsinngrep og kostnadsdrivande element.



Utfordringar på dagens fylkesveg

- Eksisterande veg er smal (ned mot 3,5 m). Vanskeleggjer kombinert anleggsdrift og **trafikkavvikling**. Vil kreve stenging av vegen i periodar (opp mot 4 timar?). Vi må «skape oss plass» for å få trafikken forbi.
- Generelt arbeid i sidebratt terreng og nedtaking av ei større fjellskjering i området Vikane-Rappaneset
- Veggen er mange stader støtta opp av natursteinsmurar av ymse kvalitet mot fjorden. Fleire er i ferd med å rase ut.
- Fleire avkøyrslar som må takast att/erstattast i sidebratt terreng
- Omsyn til naboar og turisme (nasjonal turistveg Sognefjellet)
- Kulturminner og kulturlandskap
- Flytting av matjord
- Varierende grunntilhøve. Masseutskifting der dagens veg ligg.



Utfordringar på dagens fylkesveg

- Dagens fylkesveg er fundamentert på jordmassar utan fullverdig overbygning eller kontroll på vatn i vegkroppen!



Utfordringar på dagens fylkesveg

- Murane er murt med handstein. Dei er dårleg fundamentert og i ferd med å rase ut fleire stader.



Presentasjon av løysingsforslaget

Prosjektet består i hovudsak av følgjande element;

- Bygging av 2,4 km ny fylkesveg (som i stor grad følgjer dagens veg) inkludert nytt anlegg for handtering av overvatn
- Bygging av nye avkøyrslar og tilkomstvegar
- Tre nye parkeringsplassar (Nes, ungdomshuset og Høyheimsvik)
- Fire nye busslommer
- Natursteinsmurar (5000 m²)
- Sanering/innløyising av diverse eigedomar
- Riggområde på Nes
- Tursti Viki fjordcamping-Luster fjordcamping

Fv. 55 Høyheimsvik-Nes

Planområde




Trafikkdata

- Dagens trafikkmengde, ÅDT₂₀₂₄ : 970
(tellepunkt ved Talla)
- Andel lange køyretøy i dag: 10 %

Trafikkteljing i Gullringtunnelen

Sesongdøgntrafikk
2024



Dimensjoneringsføresetnader

Fartsgrense

Ny fylkesveg vert dimensjonert for 80 km/t frå Nes gard til Viki fjordcamping. Frå Viki fjordcamping og gjennom Høyheimsvik er dim. fartgrense 60 km/t.

Funksjon

Klasse B- regional hovudveg.

ÅDT

- Trafikkmengde 20 år etter opning (prognoseår 2046):

ÅDT=1300

ÅDT-L= 12 %

Dimensjoneringsføresetnader

- Dimensjoneringsklasse Hø1-standard for gjennomgående utbetring
 - *Fartsgrense 80 km/t*
- Dimensjoneringsklasse Hø2-standard for gjennomgående utbetring
 - *Fartsgrense 60 km/t*


Standard ved gjennomgående utbedring

KRAV 3.3.4—19 **SKAL**

GJELDENDE FRA 22.06.2021

Vegbredden skal være minst 6,5 m, med skulderbredde minimum 0,5 m, som vist i [Figur 3.3.4—3](#). Ved horisontalkurveradius ≤ 500 m skal breddeutvidelse legges inn iht. kapittel [5.3](#).

 Figur 3.3.4—3 — Minste tverrprofil ved gjennomgående utbedring (mål i m).



Kvifor planleggje veg med gul midtstripe?

Luster, Fylkesveg 55 | Jobbar for realisme i vegutbetring: – Me treng inga gul midtstripe!



Andreas Wiese ynskjer ein meir realistisk plan for vegutbetringa. Foto: Svein Erik Hovland

I løpet av juni skal han i møte med fylkesordføraren om utbygginga, og håpar å koma ut med ei nedskalert utgåve av prosjektet.


Kvifor planlegge veg med gul midtstripe?

- Krav etter veglova §3; Offentleg veg skal utformast etter gitt dimensjoneringsklasse basert på;
 - *Vegen sin fart*
 - *Vegen sin funksjon*
 - *Vegen si trafikkmengde*
- Vegen fungerer som ei viktig innfartsåre til regionen, med særleg høg trafikkbelasting i samband med sommarsesongen (turisme).
- Det er viktig å sikre eit transportbehovet både for gjennomgangstrafikk, fastbuande, hyttefolk, næringstransport og turistar, noko som stiller krav til ein vegstandard som sikrar trafikkflyt, tryggleik og framkome
- Anleggsgjennomføring og trafikkavvikling. Eksisterande veg sin tilstand medfører vanskar med å kun byggje ut korte delstrek.
- Tilpassing mot eksisterande vegbreidde i begge ender. Unngå standardsprang.

Kvifor planlegge veg med gul midtstripe?




Normalprofil for fylkesvegen i planforslaget



Normalprofil for utbetra fylkesveg

- Køyrefeltbreidde **2,75 meter**, minstemål for utbetningsstandard.
- Skulderbreidde **0,75 meter** (minimum 0,5 m) for å sikre noko tryggare tilhøve for mjuke trafikantar og for å flytte trafikklast vekk frå murane i prosjektet.
- Spesielle val knytta til **grøfteutforming**. Grøfta er smalare og grunnare enn normalt for å minimere kostnader og terrenginngrep på strekninga, og samstundes ivareta drenering og snøopplag.



Eige tilbod til gåande- og syklande?

- *Potensiale for gåande og syklande langs vegen er for lågt til at det er krav om eige parallelt tilbod.*
- *Strekninga er ikkje definert som skuleveg.*
- *Det er ikkje tyngre målpunkt på strekninga.*
- *Mangel på samanhengande tilbod mellom Høyheimsvik og Neshøgdi, eller vidare innover eller utover fjorden.*
- *Konsekvensar ved bygging av eit parallelt tilbod vil bli særst omfattande, inngripande og kostbart.*

Konklusjon

Det vert ikkje lagt til rette for eit eige langsgående tilbod for mjuke trafikantar mellom Høyheimsvik og Nes på fylkesveg 55.

Tryggleik for gåande og syklande

- Fokus på å sikre tryggast mogleg ferdsel mot busslommer innafor planområdet, samt på aktuelle kryssingspunkt på strekninga
- Utbetra sikttilhøva langs ny veg, langt betre enn dagens tilhøve
- Sykling langs den nye veglinja vil i utgangspunktet vere uproblematisk
- Utvida skulder over minstekrav. Sikrar noko større margin for ferdsel langs fylkevegen


Vurderingar av turveg

- «Kven byggjer vi veg for»?
- Lokalbefolkninga på Nes og politikarar i Luster kommune har undervegs i planarbeidet etterspurt eit gjennomgåande alternativ for ferdsel til fots mellom Nes og Høyheimsvik i samband med utbetring av fylkesvegen. Det er ønskje om tilrettelegging for eit gangtilbod som har lite stigning og moglegheiter for å komma seg ned til strandlinja langs Lustrafjorden. Dette ønskje kom opp når det vart avklart at det ikkje vert tilrettelagt for eigen gang- og sykkelveg på strekninga.
- Mål for ferdsel, uavhengig av bilen, langs vegen vil i utgangspunktet vere tur/trim og besøk mellom dei fastbuande i dei to grendene (pluss nokre turistar i nærleiken av Høyheimsvik)



Turveg


Turvei på telefast underlag



Tursti mellom Viki fjordcamping og Luster fjordcamping



Vurderingar av tilbod på resten av strekninga



Vurderingar av tilbod på resten av strekninga

- *Utfordringar i høve **privatrechtslege tilhøve**. Tilpassingar og sikring av ferdselsrettar over private eigedomar er ei utfordring for eit slikt tiltak. Det er lite attraktivt for grunneigarane at det ferdast folk langs husveggane over privat grunn og vidare ned til fjorden innanfor eigedomane. Korleis skal ferdselsrettar sikrast på private tilkomstveggar?*
- *Utfordringar med drift og vedlikehald av tiltaket. VLFK ønskjer ikkje å påta seg ekstra driftsansvar på strekninga.*
- *Større inngrep på dyrka mark, i strandsone langs Lustrafjorden og i kulturlandskapet. Mindre moglegheiter for istandsetting/revegetering/oppattdyrking inn mot ny veg.*
- *Auke i kostnader for prosjektet. Kanskje 5-6 millionar i byggjekostnader? Kven skal finansiere?*

Vurderingar av tilbod på resten av strekninga

- ***Lite attraktivt tilbod for brukarane?***

Brukarane må bevege seg under høge natursteinsmurar med trafikk like ovanfor (støy, støv, sølesprut). Utstrekning av «gangtilbodet» vert om lag 2115 meter. Eit gangtilbodet vil måtte følgje nye natursteinsmurar i 1080 meter. 50 % prosent av strekninga.


- *Gangtilbodet får ikkje universell utforming og ikkje mogleg å tilretteleggje for heilårsbruk.*
- *Gangtilbodet vil ikkje bli tilrettelagt samanhengande mellom bustadfelta på Nes og Høyheimsvik.*
- Vidare vurderingar av konsekvensar med tanke på inngrep, risiko, miljø, sikringstiltak må evt. gjerast av andre enn fylkeskommunen

Konklusjon:

Vestland fylkeskommune tilrår at det ikkje vert lagt til rette for eit gjennomgåande ferdselstilbod parallellt med vegareal til ny fylkesveg mellom Nes og Høyheimsvik.

Alternativt tiltak som ikkje har blitt vurdert i planarbeidet:

- *Turveg/sti Nes-Høyheimsvik i overkant av fylkesvegen.*
- *Samarbeidsprosjekt mellom grunneigarar, grendalag og Luster kommune?*



Handtering av overskotsmassar


- **Massehandteringsplan**
 - Målet er, så langt det går, å optimalisere gjenbruk av massar innanfor prosjektområdet, redusere overskot og minimere transportbehov.
 - Rapporten gjev ei oversikt over førekomstar, eigenskapar og planlagt bruk av både berg- og lausmasser.
- **Mengdeberekningar**
 - Uttak av berg, om lag 30 000 m³ fast fjell
 - Behov for steinmassar attende i linja 28 000 m³ (fyllingar og knuste kvalitetsmassar)
 - Uttak av jordmassar, om lag 23 000 m³ faste
 - Behov for om lag 5000 m³ tilbake i linja?
 - **Masseoverskot 23 000 m³** (jord + fjell, det aller meste er jordmassar)
- **Plassering av overskotsmassar**
 - Aktuelle lokasjonar har blitt vurdert og er nevnt i rapporten, men endeleg plassering er ikkje avklara med bakgrunn i uavklara framdrift og entrepriseform for prosjektet, samt ønskje om å ikkje beslaglegge areal unødvendig i påvente av investeringsmidlar.

Handtering av matjord

- *Permanent beslagmatjord: 6 dekar*. NB! Jorda på desse områda vil bli brukt på bakkeplaneringar mot ny veg eller på dei delene av markene som har skrinne jordlag.
- *Midlertidig beslaglegging av matjord: 24-25 dekar* (pga anleggsdrift, rigg og utgravingar av kulturminner på Nes)
- For plassering av matjord må det i seinare fase utarbeidast eigen detaljert plan (matjordplan) for plassering og utføring. Matjorda skal handterast og lagrast permanent, lokalt på Nes og i Høyheimsvik.



Riggområder



Kulturminner i planområdet


- Kyrkja på Nes
- Sefrak registrerte bygg
- Arkeologisk registrerte kulturminner
- Kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse

Arkeologiske utgravingar

Det er gjennomført arkeologiske kartleggingar i samband med reguleringa (haust 2023 og vår 2024).

Det vart som forventat registrert funn i området kring Nes (funn i frå jernalder).

Det er vert stilt krav om utgravingar av funna ved Svabøgarden. Dette må gjennomførast før området kan frigjevast.



Grunneigarar

- VLFK har hatt ein gjennomgang av planforslaget med alle direkte råka grunneigarar no i september
- Stort sett positive attendemeldingar til tross for inngrepa som vil finne stad på eigedomane.
- Noko drøftingar knytta til tilkomst til eigedomane har vore teke opp.
- Avventar innspel og merknader som måtte komme i høyringsperioden.

Grunnerverv

Innløysing eigedomar:

- Gbnr. 71/40 – «gamleskule»
- Gbnr. 71/43 –eldre bustadhus
- Gbnr.71/8- «Vårsol» forsamlingshus (samfunnshus/grendahus)
- Gbnr. 71/33 –eldre bustadhus
- Gbnr. 71/34 –eldre fritidsbustad med anneks
- Gbnr. 71/112- eldre naust
- Gbnr. 71/21- eldre bustadhus (gamle samvirkelaget)

I tillegg kjem kostnader for erverv av anna grunn kring veganlegget.

Dokumenter som tilhører planforslaget

- Plankart (juridisk bindande)
- Føresegner (juridisk bindande)
- Planomtale
- Vedlegg (16 dokumenter?)

Lenke til heimeside;


https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/fylkesvegprosjekt-i-vestland_ny/fv.-55-nes---hoyheim

Vidare framdrift i reguleringsplanprosessen

Vestland fylkeskommune har ansvaret for planarbeidet etter § 12-3 , i tillegg til utlegging av planen og merknadshandsaming etter høyringsperioden.

- Oversending planforslag til administrasjonen i Luster kommune
 - **November 2025?**
- Høyring
 - 1. gongs høyring: **Jan-feb 2026**
 - Høyringsperiode 6 veker
 - Ope møte under høyringsperioden
- Planvedtak
 - VLFK handsamar innkomne merknader til planforslag
 - Evt. gjennomfører justeringar
 - 2. gong høyring ved behov?
 - Politisk handsaming og vedtak av plan i Luster kommune **våren 2026**

Vidare framdrift i reguleringsplanprosessen



Tildeling av midlar til prosjektet

- Prosjektet må finansierast gjennom reine fylkesvegbevilgningar
- Prosjektet låg inne i økonomiplanen til Vestland fylkeskommune med 200 millionar til oppstart i 2024, men prosjektet vart diverre sett på vent!



NØGD: – Eg er veldig nøgd med vedtaket i finansutvalet. Me må gleda oss over at det rullar rette vegen, seier ordførar Ivar Kvalen. Foto: Wenche Schanke Eikum

Glad ordførar

Ordførar Ivar Kvalen i Luster er svært glad for at vegoppustinga av fylkesvegen mellom Nes og Høyheimsvik har teke eit viktig steg framover.

– Det var flott å bli prioritert inn i den regionale transportplanen. No er det også løyvd pengar i økonomiplanen. Det er eg ualminneleg glad for, og eg er veldig nøgd med det arbeidet politikarane har gjort, seier Kvalen.

Vidare framdrift etter vedtak

- **Prosjektet ligg framleis høgt på prioriteringslista til fylkeskommunen, og det er håp om at prosjektet kan fasast inn at etter kvart som økonomien vil tillate det.**
- **Kostnadsanslag**
 - **240 millionar** (2024-kroner) NB! Vi ser at det har førekomme stor kostnadsauke i vegprosjekta siste åra... Kalkyler må oppdaterast før bevilgningar kan gjevast!
- **Ved tildeling av midlar til prosjektet kan ein gå i gang med:**
 - *Grunnerverv og innløyising av eigedommar*
 - *Utgraving av kulturminner på Nes*
 - *Oppstart byggeplan, konkurransegrunnlag og utlysing av anbod*
 - *Oppstart av anleggsarbeid (etter eit års tid?)*
- **Anleggsperiode**

Det er estimert at anleggsarbeidet vil ta i overkant av **to år** å fullføre. Dette er grunna i prosjektet sin kompleksitet, omsyn til naboar, vintersesongar, gjennomgangstrafikk og turisme (nasjonal turistveg Sognefjellet og høg sesongtrafikk). Trafikkavvikling blir viktig å ha fokus på ved planlegging av gjennomføringa.

Spørsmål?